
Sentralstyret Sakspapir

Møtedato 08.12.2017-09.12.2017
Ansvarlig Arbeidsutvalget – Innsendt og forberedt av
Sunniva Braathen, sentralstyret
Saksnummer SST3 06.13-17/18
Gjelder Hvordan vi vedtar politikk - Diskusjonssak



1 HVORDAN VI VEDTAR POLITIKK - DISKUSJONSSAK

2 FORMÅL

3 Diskutere korleis vi vedtar politikken vår i NSO, og om måten vi gjer dette på er hensiktsmessig.

4 SAKSPRESENTASJON

5 Som ein nasjonal interesseorganisasjon for norske studentar har NSO ein viktig jobb i å vedta og
6 oppdatere eigen politikk for å alltid kunne representere student-Noreg i viktige utdanningspolitiske
7 diskusjonar.

8 Kwart tredje år vedtar landsmøtet organisasjonens overordna prinsipp i prinsippprogrammet. Vidare
9 vedtek og reviderer landsmøtet årleg ein eller fleire av mange politiske plattformer og eit utval
10 resolusjonar. Mellom landsmøta er det sentralstyret som vedtar politiske dokument og resolusjonar
11 på vegne av organisasjonen.

12 Å revidere eller opprette ein politisk plattform er eit svært tidkrevjande arbeid – både før, under og
13 etter eit landsmøte. Våre seks politiske plattformer er omfattande og lange dokument, som detaljert
14 tek for seg NSO sine synspunkt på henhaldsvis forskning, organisering av sektoren, studentvelferd,
15 utdanning, mangfald, inkludering og likestilling og internasjonalisering.

16 Arbeid med NSO sine plattformer krev både skoloring, tid og hardt arbeid frå alle ledd i
17 organisasjonen. Revideringa av plattformane stiller krav til godt språk og gode formuleringar –
18 noko som igjen fører til at tid går bort til debatt om språk og semantikk, når ein kunne diskutert
19 politikk.

20 Det er også ein vedvarande debatt om ein skal legge eksisterande eller ny plattform til grunn.
21 Vidare er det uoversiktleg i voteringa over alle endringsforslag, då det er vanskeleg å vite kva
22 forslag som er motstridande – ettersom enkelte forslag er heilskaplege og andre går på
23 enkeltendingar. Dette førte blant anna til usikkerheit rundt den eine plattformen vedtatt på
24 landsmøtet i år, då der var enkelte motstridande punkt.

25 Spørsmål til diskusjon:

- 26 • Kva utfordringar ser sentralstyret med måten vi vedtar politikk på i dag?
- 27 • Kva for forslag til endring har sentralstyret på måten vi vedtar politikk på?

28

29 **INNSTILLING**

30 Sentralstyret diskuterer utfordringar og moglege tiltak til korleis vi vedtar politikk.

31
